



Nissedal kommune

Avdeling for kulturtenester

JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENTET
Postboks 8005 Dep.
0030 OSLO

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2024/1826-2	Kristin Oddbjørg Parkinson Vågen,35 04 84 53 kristin.vagen@nissedal.kommune.no	100	12.09.2024

Høring - NOU 2024: 12 - Håndheving av mindre narkotikaovertrедelser

Politirådet i Nissedal kommune gir dette høyringssvaret til NOU 2024:12

Det er ei nødvendig og rett prioritering at regjeringa vil «utrede og fremme forslag til nødvendige endringer i lovverket som sikrer at bruk og besittelse av mindre brukerdoser for rusavhengige møtes med god helsehjelp og oppfølging istedenfor straffereaksjoner».

Det er likevel spesielt viktig, i eit rusførebyggjande perspektiv, at ein skil reaksjonsforma for kven som nyttar seg av rusmidlane; unge med narkotika/partydop til fest eller prestasjon opp mot tunge rusavhengige. Rusavhengige bør sikrast god helsehjelp. Partykulturen bør straffast med bøter.

Politirådet i Nissedal ynskjer ikkje ei generell avkriminalisering av fatning med mindre mengder narkotika til eige bruk. Grensa på 5 gram til eige bruk er for høg og må settas ned til brukardosar tilsvarende eige bruk for unge. Dette vil stramme inn avkriminaliseringstrenden og auka kokainbruk blant unge. 5 gram tilsvarende 20 brukardoser, avhengig av stoffets styrke/ reinheit, men generelt seier ein at 0,25 g = 1 brukardose. Dette gjeld alle pulver-preparat (amf, kokain, heroin, hasj). Når det gjeld flytande, illegale rusmiddel, snakkar ein om "1 kork" som ei 1 brukardose. Det betyr at ein person kan gå med 20 brukardoser på seg straffritt, dersom det forslaget blir vedteke.

Rådgivande eining for russaker i kommunane fungerer ikkje optimal då det er få saker som havner i dette fora. Kun ei sak er handsama i vår interkommunale (6 kommunar) rådgivande eining for russaker etter oppstart. Ingen har nytta det frivillig tilbodet om samtalar etter første samtale pålagt av påtale, og det er ingen pålagte rusprøver. Nissedal politiråd meiner politiet bør oppfordrast til å sende fleire saker til rådgivande eining, og at oppmøte ikkje skal vere frivillig. Politiet avdekkjer ikkje bruk grunna: a) ikkje stort nok handlingsrom i møte med brukar, og b) det ikkje er ei prioritert oppgåve for politiet.

Det er viktig å sikre at politiet fortsett skal ha egna verkemiddel for å kunne avdekke og motverke bruk og tilhøyrande fatning med narkotika blant unge. Det er også viktig at politiet har egna verkemiddel for å kunne avdekke og etterforske innførsel og sal av større mengder narkotika og til å kunne avdekke bakmenn, for å nedkjempe organisert kriminalitet og den kriminelle økonomien. Borgarens rettar må bli ivaretatt ved politiets bruk av tvangsmiddel. Forutsigbarheit om rammene for politiets tvangsmiddelbruk er viktig ikkje berre for politiet, men også for samfunnet og ikkje minst involverte personar.

Politirådet i Nissedal - Nissedal 02.09.2024

Ordførar Ian Parry-Jones
Kommunedirektør Sverre Sæter
Driftseiningsleiar for Vestmar Politidistrikt Øystein Skottmyr
Politikontakt Nissedal Marie Kornmo Enger
SLT-koordinator Kristin Parkinson Vågen